MEMLEM AV NARF • Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening




Smedabråttet 20, 4362 Vigrestad  
Tlf: 51 43 65 80 - Fax: 51 43 87 72  
E-post: vbk@hesbynett.no  
www.vigrestad-bk.no

**VIGRESTAD**  
DØR & KJØKKEN

## Dine drømmer - vår utfordring

Distriktets ledende spesialleverandør av kjøkken, landbruksdører, garderobe-og badersløsninger

**MESTERHUS**



# SIBYGG

[www.sibbygg.no](http://www.sibbygg.no)

*– det blir som avtalt*



## G10-G11

Bak f.v.: Sissel Marie Vollevik, William Tuen, Jonatan Sirevaag Haver, Mathias Nygård, Fredrik Tuen, Simen Andreas Vollevik.  
 Midten f.v.: Are Haver Figenschou, Steinar Wilhelm Stokkeland Normann, Nojus Kudis, Dennis Sirevaag Vold, Anton Brundtland Gustavson.  
 Framme f.v.: Atle Sirevaag Haver, Marcus Sirevaag Haver, Lasse Vollevik, Pedro Fiskebekk, Casper Øie Nilsen, Wilhelm Nygård.

FOTO-EXPRESSEN



## J10-J11

Bakerst fra venstre: Sara Øyri Gjersvik, Natalia Markiewicz, Malin Nygård, Olga Cathrine Roxman, Oda Søyland Bø  
 Midten fra venstre: Roza Markiewicz, Zuzanna Chrobot, Una Fuglestad, Beth H. Ueland, Guste Skiudulaite  
 Framme fra venstre: Lepe Mansæterbak, Thea Mansæterbak, Sara Magreth Jonsson, Cassandra Sirevåg Vold, Miriam Haugstad

FOTO-EXPRESSEN



## J13-J14

Bak f.v.: Kathrine Todnem, Astra Skiudulaite, Victoria S. Vold, Celine O. Zachariassen, Mathea K. Høyland, Tuva Oline Q. Kverme  
 Midten f.v.: Maria H. Vigrestad, Teline H. Vigrestad, Teoline Y. B. Holmane, Amalie Svendsen, Ida S. Gunnersen, Renate Hadland  
 Framme f.v.: Roza Markiewicz, Eline Tunheim, Ann Kristin Hadland, Amalie Egeland, June D. Remme.

FOTO-EXPRESSEN

# LAGBILETE HÅNDBALL



## MINI6&7

Bak f.v.: Teoline Holmane, Amalie Egeland, Jon Sverre Jensen, Michelle Kragset Oliversen, Leander  
 Unhammer, Othelia Fuglestad, Vette Kleven, Methasit Simdan, Siri Knudsen Fuglestad.  
 Framme f.v.: Filip Høiland Berge, Johan Dovland, Nicolle Ueland, Magnus Nøttveit, Elias Matnisdal, Ole Johan Skårland, Bo Berge.

FOTO-EXPRESSEN



## MINI8

Bak f.v.: Mathilde Hegrestad, Kaja Nygård Apneseth, Emma Unhammer, Milja Kudiene, Eri Fuglestad.  
 Midten f.v.: Janne Høiland Berge, Adrijan Landmark Monge, Benjamin Mæland, Danas Zvezikovas, Alexander Skaara, Sive Tone Amundsen.  
 Framme f.v.: Una Høiland Berge, Agathe Matnisdal, Christian O. Zachariassen, Arnstein Friestad, Tiril-Sofie Amundsen.

FOTO-EXPRESSEN



# HELLVIK HUS



*Bygg med glede!*



*Føl deg vel!*

[www.sirevaagsalongen.no](http://www.sirevaagsalongen.no)

*(Online bestilling)*

*Tlf: 466 54 333*



# Håndball

Gutter 10-11

## GLEDER OSS TIL KAMPER OG TURNERINGER!



I vår avsluttet vi med 8 spillere, og nå er vi hele 16 spillere fra 4-6 klasse! Nå har vi 1 lag i G10 og 1 lag i G11 resten av denne sesongen. For en gjeng, de er knallgode! De trener forsvar, angrep og kont-ring, de øver på kast, mottak, finter og hoppskudd. De klager litt inni-mellom, men stort sett skal ikke de største overtalelsene til for å få de i gang.

Gutta møter litt motstand på kampene, men de gir ikke opp. De reiser seg og kjemper videre. Det er en skikkelig ståpå vilje i denne herlige gjengen, de motiverer hverandre og hjelper når andre slår seg, eller trenger litt ekstra motivasjon. For oss er det utrolig viktig å snakke om at selv om vi er to lag til kamp er vi ett lag ellers. Vel så viktig for laget er det sosiale rundt, foreldre som stiller opp for å hjelpe til med trening og til dugnad, om det er kakebaking, kiosk eller sekretariat så stiller foreldrene opp for gutta sine. Det er godt å ha en sånn gjeng foreldre med på laget.

Gutta har troa på at sesongen kommer til å bli knall kjekk, og vi satser mot sesongavslutning med AQUARAMACUP i Kristiansand. Dette går veien, HEIA BRUSAND

Sissel og Simen

# Mini

## Håndball



### MINI 8

Vi teller nå totalt 14 engasjerte barn, 8 jenter og 6 gutter! Spillerne har hatt en flott utvikling både på kast, mottak og skudd. Vi ser også en bra fremgang på samspill med ball, bevegelse med og uten ball og forsvarsspill!

Kampene vi har hatt har gått bra og nivået mellom lagene er ganske jevnt, noe som er positivt. Det er ingen tvil om at temperamentet og vinnerinstinkt er tilstede, og det er kjekt å se den gleden barna har på banen!

Vi ser nå frem til siste halvdel av denne sesongen og videre utvikling av våre små håndballtalenter :)

Mvh

Janne, Siv-Tone og Ove



### MINI 6-7

Da var håndballsesongen i gang for året. Vi er en gjeng på totalt 16 spillere på 6 og 7 år, med nok barn til å stille med tre lag for 6-åringene og et lag med 7-åringene. Vi trener på kast, mottak, samspill og samarbeid. Det er en engasjert gjeng med barn som har super innsats på treningene. Vi har hatt en turnering på Vigrestad der vi stilte med fire lag og en flott heiagjeng, og både barna og trenerne gleder seg til resten av sesongen.

Hilsen fra

Siri, Siv Helen, Elin, Amalie og Teoline




# Øgna Camping

*"Det beste eit menneske kan gjera,  
er å eta og drikka og unna seg  
gode dagar midt i alt sitt strev"*

Målet vårt er å gjera det triveleg, enkelt og velsmakande  
for deg. Ei oppleving for kropp og sjel som du vil ha gode  
minner om lenge. Ein smak av kultur og tradisjon.....

Wenche og Kåre Qvalbein



[www.jaergarden.no](http://www.jaergarden.no)  
Kom til oss eller bestill catering levert på døra

TLF. 51 43 94 94

ALT I GRAVING

**Leiv Nesvik**

TLF: 926 52 028

LØING AV STEIN

4363 BRUSAND



Kom innom kontoret vårt på Vigrestad!



COMFORT RØRLEGGER

*Vi lager drømmebadet*

- Egen fliselegger
- Egen snikker

**MÆLAND RØR A.S**

Langgt. 15, 4362 Vigrestad. Tlf. 51 43 73 01. Fax 51 43 78 89

[www.comfort.no](http://www.comfort.no)

COMFORTBUTIKK



# Stavnem & Vigrestad as

Byggevarer - Entreprenør

Tlf. 51 77 18 80 - Fax 51 77 18 89 - Mobil 982 17 950  
Industrigt. 10, 4362 VIGRESTAD

Internett: [www.stavnem-vigrestad.no](http://www.stavnem-vigrestad.no)  
E.mail: [post@stavnem-vigrestad.no](mailto:post@stavnem-vigrestad.no)



**MX**  
SPORT

*litt mer personlig*



VI ER SPESIALIST  
PÅ SYKKEL OG  
FISKEUTSTYR!

RIKT UTVALG OG  
HØY KOMPETANSE

EGET GODKJENT  
SYKKELVERKSTED

[WWW.MX-SPORT.NO](http://WWW.MX-SPORT.NO)



**MX-sport Varhaug**  
Sentrumsgården  
Stasjonsveien 24  
4360 Varhaug  
Tlf: 976 64 076

**MX-sport Nærbø**  
Torggata 9  
4365 Nærbø  
Tlf: 414 79 793

**MX-sport Eger**  
Lindøyveien 8,  
4370 Egersund  
Tlf: 414 79 793

***Brødrene  
Haver as***

**4364 Sirevåg**

**Telefon 51 43 83 84**

**Mobil 909 79 275**

**Herredsvela Transport**

**Jan Sigve Herredsvela**

**Tlf. 51 43 93 75**

**Mobil 900 75 500**

**s-herred@online.no**

**Turn**

# Brusand Turnforening

June Frausing har sagt opp sin stilling som daglig leder i Brusand Turnforening. Styret i Brusand Turnforening takker for samarbeide og god innsats.

Ny daglig leder blir Kine K. Fuglestad. Styret i Brusand Turnforening ønsker henne hjertelig velkommen.

Turnforeningens første arrangement i 2017 er Turntreffet, lørdag 4. februar. Da kjem barn frå heile Rogland. (Påmelding er stengt).

Veldig kjekt med så mange unger som vil gå på turn og trampett.

**SIREVÅG**  
**Mekaniske AS**

Tlf. 51 79 87 50 / 97 75 06 77 • Fax 51 79 87 51

epost: [jantore@sirevaagmekaniske.no](mailto:jantore@sirevaagmekaniske.no)

4364 SIREVÅG

# Brusand

FØR I TIDA




Kvalbein, 18. juli 1966



Brusand, 19. juli 1966

## WIDERØEBILETE FRÅ HÅ

Me tek med eit par bilete frå Brusand for 50 år sidan. Me må vel nesten seia at det har vore ein del endringar sidan då. Bileta tilhøyrrer Hå kommune, og er ein del av samlinga til Widerøe.



**OGNA INSTALLASJON A/S**  
**REG. INSTALLATØR**

OGNAVEIEN 11, 4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 13 90 - Fax. 51 79 13 99 - Vaktlff. 51 79 13 95  
AUT. INSTALLATØR

# BUBILTREFFET

## EIN SUKSESS



Nokre bilete frå eit velluka bubiltreff. Rekebordet fekk mykje skrøyt, 500 komler gjekk unna laurdag - og i det heile var stemninga god både hjå arrangørar og tilreisande.



## COOP BRUSAND støtt ditt eget lag



**ÅPNINGSTIDER**  
**Mandag- Fredag 09.00-20.00**  
(Lager 09.00-16.00)  
**Lørdag 09.00-18.00**  
(Lager 09.00-13.00)



Telefon 51 43 91 12 Telefax: 51 43 93 81

# Tall Ships Race

## TIL SIREVÅG I 2018




Det vert ny Tall ship race-fest i Sirevåg i 2018 om alt går etter planane. Alt nå kan de setja av tysdag 24. juli.

I komiteen som vart nedsett av formannskapet i Hå kommune, er det fleire lokale med. Mads Lørup for Sirevåg velforening, Svein Høyland og Svein Arve Nygård for dei folkevalde.

For tida er komiteen i gang med å ta kontakt med ulike skuter, og det verkar lovande. Nederlenderen "Gulden Leeuw" har sagt ja til å koma igjen. I tillegg har me vore i kontakt med det russiske skipet "Shtandart", eit polsk skip og eitt av dei norske. Alle er interesserte. Denne gongen håper me å få 5-6 skip til Sirevåg.

Alt til sommaren kan me kanskje få besøk av ei av dei norske skutene. "Christian Radich" har nemleg 70-årsjubileum, og skal ha ein seglas langs norskekysten. Dei har fått tilbod om å leggja til i Sirevåg i slutten av juni, men her ventar me enno på svar.



# Sirevåg

Innflytningsklare terrasseleiligheter med flott utsikt

47



Ved ferdigstillelse leveres leilighetene med "nøkkelen i døra", klar for innflytting. Gjennomgående meget bra standard i alle leilighetene, herunder bl.a. parkett i alle oppholdsrom, flislagte bad og vaskerom og kjøkken i hvit utførelse. Heis og porttelefon.

Fra leilighetene har man nydelig utsikt. Kort avstand til togstasjon.  
Kontakt megler for en visning av prosjektet.

**Areal:** Bra kvm/P-rom kvm  
**Byggeår:**  
**Tomt:** 2725 kvm

- **Prisantydning:**  
**Fra 1.850.000,- + omk.**
- **Visning: Etter avtale med megler.**
- **Adresse: Sirevåg Terrasse,  
4364 SIREVÅG**

Eiendomsmegler MNEF Geir Helgeland, mob. 45 00 77 62 / geir.helgeland@sandnes-eiendom.no Avdeling: Sandnes, tlf. 51 67 67 70.





God tur!

# TURTIPS I LOKALMILJØET

## TUR FRÅ OGNA TIL HELLVIK

49

**Den vestlandske hovudvegen er ein stad dei som liker å gå tur stadig er innom, oftast på sykkel. Men eit tips kan vera å gå utanfor vegen, på ein av stiane som er å finna langs vegen. Tipset denne gongen tek deg til Lunhulen på Hellvik.**

Frå Ognå er det truleg greiast å ha med sykkelen. Når du kjem til den brune porten i botnen av ein bakke, rundt tre kilometer frå Ognå, er du nær der du skal ta av og ta føtene fatt. Etter at du har gått gjennom porten går du opp ein bakke. Til venstre ser du ein gjerdeklyvar, og ein grusveg som går opp til eit grønt bygg. Går du der kjem du til ein av topturane i Dalane (Roda), men denne gongen skal me til høgre. Sjå etter ein gedigen stein, og sti - som ligg tvers over gjerdeklyvaren. Ta av på den.

Så er det bare å fylgja stien, som er godt synleg og markert med vardar og blåe merker her og der. Sjølv om det er turt i vêret må du rekna med at delar av stien er blaut, så gode sko er lurt.

Stien buktar seg gjennom det knudrete landskapet i Dalane, langs vatn og i det heile er det ein fin tur på ein liten time før du er framme ved Lunhulen. Det meste av turen ser du òg sendaren på Varberget,

som kan vera grei å ha som retningspeilar. Rett før du kjem til Lunhulen kan du òg ta ein avstikkar til Ole Høyland-hållå, der meistertjuven skal ha halde seg gøymt (han hadde ein kompis rundt Hellvik). I Lunhulen kan du kanskje mimra om gamle dagar med dans, eller bare sjå deg om - eta matpakken - eller rusla gjennom og gå bort til Hellvik bistro for ein matbit. Så kan du jo ta tog heim, om ikkje sykkelen ventar - eller sjå korleis landskapet ser ut den andre vegen.

Eit tips til slutt: Dersom du vil ta topturen som er nemnt kan du søka på Roda på fjell-vandring.net. Der finn du òg kart du kan bruka til denne turen, om du treng det.



Når du kjem til toppen av bakken tek du til høgre



Til venstre kjem du til Roda, til høgre til Lunhulen



Stien er godt synleg, og markert med blått

# EINAR PÅ TUÅ ELDSJEL FRÅ SIREVÅG



## Framleis i full fart

Otto Laurits: BIL-posten vil ha ein artikkel om deg. Kan eg koma innom på fredag så me kan ta ein prat?

Einar: Nei, det passar ikkje. Då skal me gjera klart til julemessa.

Me fann ein annan dag. I korridoren på veg inn til kontoret der me skulle ha samtalen, gjekk me forbi ei rekkje med pappøskjer. Det lukta søtt bakverk. Einar slo opp klaffen på ei av øskjene og viste innhaldet: kransecake.

Otto Laurits: Er det Roxmann?

Einar: Nei, me har bakt sjølv. Kranscakar og ein haug med lefser.

Slik er han. Han har passert dei sytti, og er framleis ei drivande kraft i det inntektsjevande arbeidet for Brusand idrettslag.

### Litt statistikk

I boka som Olav Garvik skreiv til klubben sitt 80-års jubileum i 1999, finn ein opplysningar om kven som har hatt tillitsverv og ein god del meir. Om Einar finn me fylgjande: Han har hatt i alt 306 kampar på A-laget. Han var toppskårar på A-laget i 1968. Då skåra han 15 mål.

Av dei som har skåra mest mål etter krigen, er han på tiande plass med 86 mål. I 1981 fekk han pokal for godt lagsarbeid. I 1988 fekk han klubben si gullnål for å ha hatt tillitsverv i meir enn femten år. I 1998 vart han utnemnd til æresmedlem, den sjuande i klubben si 80-årige historie. Han har trent Brusand i to periodar, fyrste gong i 1967 då han sjølv spelte i EIK, og så i perioden 1975 – 79 då han var tilbake som spelar på Brusand A-lag. Han var formann i hovudstyret 1985 – 1987, og i fotballstyret i 1984, og i fire års perioden 1993 – 1996. I jubileumsåret 1999 var han formann i arrangementskomiteen, og det har han vore i 20 år.

## Engasjert, initiativrik og lojal

Mange kjenner Einar fordi han har vore med så lenge, som aktiv spelar på A-laget og i mange administrative verv. Ein av dei som har kjent han lenge, både som venn og i dei ulike rollene i laget, er Egil Garvik. Han seier fylgjande om Einar: Ingen andre kan måla seg med han når det gjeld innsats. Han har eit stort pågangsmot og er vanvittig lojal. Brusand er viktigast, vekk med dei Varhaug og Vigrest! Han skaper liv der han kjem. Han er positiv og har godt humør. Han kan og vera kritisk, men aldri på nokon negativ måte. Han er ein utolmodig type, ting må skje fort. Han kan vera knallhard i kritikken av det offentlege byråkratiet. Han er meir diktator enn diplomat. Og han er pågåande. På treningane kunne det vera ganske tøft. Eg var jo målmann, og Einar fylgde etter ballen like inn i kroppen på meg. Han er ein engasjert type, både på og utanfor banen.

## Einar fortel sjølv

Eg var ikkje meir enn ti-tolv år gammal då eg begynte å sykla frå Tuå til Brusand saman med bror min Jon. Eg hadde to kampar på A-laget som 15-åring. Ein periode var det litt turbulent på Brusand, og då gjekk eg over til EIK. Eg tok B-trenar kurs og trente Brusand i fem år. Det var ein flott periode. Me hadde mange gode spelarar – Alf Magne Haver, Aksel Einar Friestad, Odd Inge Stokkeland og mange fleire. Eit år vart me kretsmeister.

I 1983 vart det ny organisasjon i klubben med eit hovudstyre og styre for dei ulike aktivitetane som fotball, friidrett, volleyball og orientering. Eg vart formann og oppmann i fotballgruppa, og ungdomsleiar i tillegg. Der var oppgåva å organisera alle dei alderbestemte laga. Rundt 1980 hadde me og ein skikkeleg dugnad på grasbanen på Kvalbein. Me grov opp heile banen og grøfta på nytt. Etter det vart han skikkeleg god.

Klubben måtte ha inntekter, og dei har me skaffa på mange forskjellige måtar. Lørdagsdans har vor ein av aktivitetane. I mange år var me på Ungdomshuset på Brusand, men og på det nye kommunehuset litt lenger



nord der bingoen er nå. På dansane i Ungdomshuset var det alltid heilt fullt. Fem gonger hadde me dansar i Jernbanen sitt pukkverk i Sirevåg. Me hadde overbygd scene og asfaltert danseplan. På det meste hadde me tretusenfemhundre folk og med to orkester. Desse dansane arrangerte me saman med Bygdeungdomslaget. I mange år var det Harald Kverme og eg som organiserte dansane.

Saman med Eiger og Radio Aktiv i Egersund, arrangerte me og lotteri der fyrstegevinsten var ein bil. Dette drog me inn mykje pengar på, så lenge det varte, minst hundre tusen kroner.

Etter dei vellukka dansane i pukkverket, prøvde me å få byggja klubbhus der. Men kommunen sa nei. Dei skulle ha området til industri og næringsområde. Me fekk heller prøva på Kvalbein og på Ogna. Slik gjekk det til at me bygde nytt klubbhus ved stadion på Kvalbein, og fekk ny grusbane på Ogna. Her var ho Åsa Holmane ein viktig medspelar. Me forhandla med Sigmund Olsen, sonen til Johannes Olsen, om å få grunn, og han var kjempepositiv. Me hadde eit samarbeid med skulen på Ogna om grusbanen, og møtte Olav Lindal (skulesjefen i Hå) og Olav Skårland (rektor på Ogna skule) til forhandlingar. Det var mange krav som måtte etterkomast, blant anna lys og støvspreiarar. Forhandlingane enda blant anna med at skulen skulle betala straumen. På den banen har me lagt ned mange dugnadstimar. I boka til Olav Garvik er det bilde som viser litt av den dugnadsinnsatsen.

Også i arbeidet med Ognahallen vart det lagt ned mange dugnadstimar. Då hallen var på det næraste ferdig, forstod me at det trongst ein dagleg leiar i klubben. Eg foreslo Ove Kverme til jobben, og han slo til. Det var nok litt murring i styret til dette forslaget, men i ettertid såg alle at dette var eit lukkeleg valg. Ove var ein resar til å skaffa sponsorar og reklamepengar, og det vart god skikk på drifta av hallen.

Det var jo litt stas at før hallen var skikkeleg ferdig, fekk me brev frå biskop Bue om dei kunne få bruka hallen til kyrkjekaffi etter vigslinga av den gjenreiste Ogna kyrkje. Kongen og dronninga var der saman med mange andre gode folk, og fylte hallen til siste plass. Me hadde ikkje fått støypt golvet i hallen, så me måtte leggja plast på golvet. Kongen heldt ein både god og morosam tale og fekk fiskes-tong til minne om dagen.

På den tida då Leif Skandsen sat på kretstinget, tok han initiativ til at eg skulle få ei utmerking for arbeidet mitt. Så

eg fekk både kretsdiplom og Stavanger Aftenblad sin pris for mange års ungdomsarbeid. Dette vart vist på Okka TV. Det er jo fint å oppleve at andre set pris på innsatsen.

Ein annan episode eg hugsar godt var då Aksnes i Nærbø idrettslag foreslo at alle idrettslaga i Hå skulle søkja kommunen om å slå grasbanane til idrettslaga. Det var litt motstand i styret på det forslaget. Det har seinare vist seg at dette var ein strålande avtale som laga i ettertid har hatt stor glede av.

Etter kvart har det vist seg at Ognahallen har vorte ein samlingsplass for heile bygda. Ikkje minst fordi hallen vart teken i bruk til mange ulike arrangement som både gav inntekter til laget, og hadde ein viktig sosial funksjon. Her har arrangementskomiteen spelt ei viktig rolle. Den har teke initiativ til blant anna kunstutstilling, julemesse og juledans som har vorte faste, årlege arrangement. Komiteen i seg sjølv har fungert svært godt med folk som kunne jobba i lag. Når det skulle vera valg og nokon skulle skiftast ut, var det viktig å få inn nye folk med den rette samarbeidsinnstillinga. Og samarbeidet med den som til ei kvar tid har vore dagleg leiar, har vore det aller beste.

Ikkje bare Ognahallen, men Brusand idrettslag i seg sjølv, har vore viktig for dei tre bygdene Sirevåg, Ogna og Brusand. På den måten har idrettslaget hatt ein verdi utover seg sjølv, som samlingspunkt for heile lokalsamfunnet. Det har vore ein god balanse på den måten at folk frå alle tre bygdene har delteke aktivt i arbeidet i klubben. Eit tydeleg teikn på den samlande funksjonen som hallen og idrettslaget har, er 17. mai arrangementet i Ognahallen. Då er det stappfullt av folk. Og det er god samarbeidsånd mellom dei ulike frivillige organisasjonane i det som før var ein eigen Ogna kommune.

Også for meg sjølv har Brusand idrettslag vore ein gave, og eg er takksam for alt eg har fått vera med på. I mange periodar har eg vore mykje borte frå heimen, men har aldri fått eit skeivt ord frå kona. Ho har sjølv vore aktiv i turnen, også som trenar. Og ungene har vore aktive og fått med seg at fysisk aktivitet og trening er viktig på mange måtar. Me har to guttar og ei jente, og jenta ho var ekstra ivrig og ville vera med på alt. Også jentefotball. Men då sa eg nei, det får du ikkje. Kvinnefotball var eg ikkje noko særleg for, og det har eg fått høyra mange gonger av Egil og Møyfrid (Egil Garvik og kona hans Møyfrid). Eg var nok litt for gammaldags der.

Otto Laurits: Du har vore med lenge nå, Einar, og gjort ein stor innsats. Har du snart tenkt å gje deg?

Einar: Nei, eg har ikkje tenkt å gje meg ennå. Kanskje dreg eg meg litt tilbake frå den formelle posisjonen som leiar for arrangementskomiteen, men eg tykkjer det er gildt å halda på. Og det er vel bruk for meg ei stund til.

Formann i arrangementskomiteen har han vore i mange år. Og han har ikkje tenkt å gje seg, sjølv om han etter kvart kanskje dreg seg litt tilbake frå den formelle posisjonen.

# OGNA SKULE REISER SEG!

Om eit års tid skal nye Ogna skule stå klar. Frå dag til dag har me i haust sett at skulen er i ferd med å reisa seg. BIL-posten har teke ein drøs med rektor på skulen, Helge Håland.

## **Alt er i rute og ligg godt an?**

*Etter framdriftsplanen går alt etter planen. Skulen har begynt å reisa seg. Dei første elevpaviljongane skal stå ferdig i vinter. Entreprenøren, Masiv, melder om at arbeidet går godt. Skulen opplever eit veldig godt samarbeid både med dei, prosjektleiing ikommunen og arkitektane. Planen er at skulen skal vera innflyttingsklar 4. desember 2017.*

## **Korleis går det i brakkene?**

*Me er snart halvferdige med brakkelivet. Det me merkar mest er at me er delte i to. Dette gjev utfordringar for personal, både sosialt og det å få til gode felles treff. Annankvar veke prøver me å vera samla i fellestida på Vigrestad. Brakkene er jo ei minimumsløysing, så det er sjølvstøtt utfordringar og avgrensingar. Likevel går det greitt. Både dei tilsette og elevar har vore flinke til å tilpassa seg, og ser at det er ei midlertidig løysing. I byggjeperioden er det lagt inn ein personaltur til Amsterdam, mykje for å skapa gode relasjonar mellom dei tilsette, men sjølvstøtt og for å få faglege innspel.*

## **Kva skjer dei neste vekene på den nye skulen?**

*Fram mot jul skal dei tre elevpaviljongane stå ferdige, altså areala der småtrinnet, mellomtrinnet og ungdomstrinnet skal vera i det daglege. Det vil seia at då skal den delen av bygget vera tett, og så arbeider dei seg ut mot fellesområda. For tida vert det arbeidd på alle desse paviljongane.*



## **Korleis vil du beskriva den nye skulen?**

*Både eg som rektor og personalet har vore involvert frå starten. Etter at valet kom på dette bygget vart det sett ned ei gruppe med rektor og nokre frå personalet, som har fått vore med og prega korleis skulen skal verta. Løysingane vert fleksible, og så langt me ser det veldig gode til både skulebruk og bruk elles.*



At skulen er bygd saman med ei **“skulegate”** ser spennande ut. Det fører til at i tillegg til skulefunksjonen, vil skulen òg vert eit samfunnshus for bygda. Det er verkeleg lagt til rette for aktivitet utanfor skuletid. I inngangspartiet med biblioteket vil du møta eit fint inngangsparti. Dei ulike romma skal vera tilgjengeleg frå denne **“skulegata”** utanom skuletid, slik at det kan brukast på ein praktisk måte. Elevpaviljongane vert låste av på ettermiddagstid. Her er det muligheter for mange flotte samlingar for bygdene. I tillegg til fleirbruks-hall, helsestasjon, kantine-løysing og anna. Me er veldig begeistra for løysingane, slik me kan sjå det nå.



### **Kva med uteområdet?**

Det ser ut som me vil få eit flott uteområde. Det er ikkje fintenkt enno, men under planlegging. For dei yngste vil leikeområdet vera langt på veg på same plassen. På nordsida vert det skatepark, for dei eldre. Denne vert nedgreven og laga i betong. Elles vert det fleire område rundt skulen. I tillegg vil skulen sjølvsagt nytta seg av kunstgrasbanen, hallen og området til idrettslaget når skulen står ferdig.



Din stasjon



**Ogna Servicecenter – Ogna Landhandel tlf. 51438132**




**Åpningstider :**

**Mandag – fredag : 6.00-22.00**

**Lørdag : 7.00-22.00**

**Søndag : 8.00-22.00**

**Hamburger - Kyllingmix - Pommes frites - Pølsemix  
Biffsnadder - Løvsteik - Pølser- Matpakke –  
Bagetter - Kaffeavtale – Propan - Medisinutsalg**



**YX BONUSKORT – YX VISAKORT – YX FIRMAKORT  
GODE RABATTER - VI HAR SØKNADSKJEMA**



# En av landets største og mest moderne bedrifter innen tynnplatebehandling



Med Europas mest moderne produksjonslinje for bearbeiding av tynnplater, mangeårig erfaring fra elektronikk og eget stort pulverlakteringsanlegg er IKM Haaland godt posisjonert i markedet.

Vi har 90 ansatte, 10.000 m<sup>2</sup> produksjonsareal og er ISO sertifisert.

Ta direkte kontakt med Morten Sædberg,  
E: [morten.saedberg@ikm.no](mailto:morten.saedberg@ikm.no),  
T: 915 87 713

For mer informasjon:

[www.IKM.no /ikm-haaland](http://www.IKM.no/ikm-haaland)



**I·K·M**

**IKM Haaland AS**

# ALT ANNET ER KOPIER

Jeep har aldri vært bedre og har eventyrlig salgsvekst i Norge og Europa. Jeep har nye moderne SUVer i alle størrelser med avansert teknologi, høyt utstyrsnivå, klasseledende 4x4 og moderne motorer med lave forbruk. Besøk en av våre 40-forhandlere og opplev nye Jeep. Nyheten i 2015 er nye Renegade, en ekte SUV med imponerende spesifikasjoner. Fra kun kr 319 900,-

CHEROKEE KAMPANJE  
VINTERHJUL INKLUDERT I PRISEN  
SPAR OPPTIL 28.260,-



Grand Cherokee 4x4  
fra 859.900,-

Renegade 4x4  
fra 319.900,-

Cherokee 4x4  
fra 499.900,-

Wrangler 4x4  
fra 409.900,-

**Jeep**  
5 års Norgesgaranti

## HOLMANE BIL A/S

Tengsareidveien 4 • 4370 Egersund • Tlf. 51 46 19 80 • [www.holmanebil.no](http://www.holmanebil.no)

Man, ons, tor og fre 9-16 • tir 9-19 • lør 10-14